

Innkalling til møte i Lykling sokneråd

Dag: Ons 11.01.23

Tid: kl 19:00

Stad: Lykling kyrkje

Rådsmedlem:

Fridleif Lydersen, Sissel S. Gåsland, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik, Astri L. Sakseide og Inger Johanne Sele.

1.vara:

Johannes Bernhard Hjelland

Opning: Fridleif Lydersen

Saksliste:

Sak 02-23 Godkjenning av referat og innkalling.

Nokon som har merknad til referat eller innkalling?

Nokon som har sak til Ymse?

Sak 03-23 Meldingar og skriv

*Annonse gjeldande temakvelden 19.01.23 kjem i avisa 07.01.23

F. Lydersen skriv omtale til avisa gjeldande temakvelden 19.01.23

*Tilskot og gåve mellom sokneråd og fellesråd, skriv frå T.Leigland

*Kandidater til Åpen Folkekirke Bjørgvins liste ved Kirkevalget 2023, sjå vedlegg.

*Kyrkjevalet 2023 i Bjørgvin - Val av medlemmer til nominasjonskomiteen for leke og oppmoding om å foreslå kandidatar til Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet, sjå mail vidaresendt dykk 04.01.23

*Valgkurs 31.januar. Meir info kjem.

Sak 04-23 Nokon som har noko å melda frå sitt ansvarsområde?

Sak 05-23 Val 2023

Eg viser til Møtebok 11-22, sak 91-22 : «Sissel reviderer utkastet og sender ut til rådsmedlemmene» Utkastet *til brev til moglege kandidatar til val 2023*, er det ferdigstilt og sendt ut til rådsmedlemmene?

Eg viser til same sak: «Johannes oppdaterer utkastet og sender ut på nytt.» Utkastet til følgjeskriv til jubileumsheftet, er det ferdigstilt og sendt ut til rådsmedlemmene?

Jubileumsheftet m/følgjeskriv skal leverast ut til bygdefolket i byrjinga av januar.

Kor mange utskrift av følgjeskrivet må soknerådet skaffa til veie? Ansvar?

Eit følgjeskriv inn i kvart jubileumshefte. Kan gjerast, kva tid? Ansvar?

På kva måte/korleis kan soknerådet gjennomføre denne leveringa?

Brev til moglege kandidatar til val 2023, sendast ut fredag 20.01.23. Utskrift-Ansvar?

Sak 06-23 Temakveld 19.januar 2023

Foredrag v/Berit M Andersen

Tittelen på foredraget hennar:

Moster24 - Frihet, Rettsvern og Soknebånd!

Foredraget: Ei innleiing til felles refleksjon og samtale mellom tre. Det vert høve til å stilla spørsmål frå salen.

Annonsering:

Bømlo-Nytt: Annonse og presseomtale 07.01 er gjort.

Publisering på kyrkja si side på FB, deling til fleire ulike sider.

Plakatar.

Må komma med under «Kva skjer på Bømlo» og i kunngjeringane frå kyrkja

Påminningsannonse i avisa 18.01.

Andre ting?

Sak 07-23 Temakveld 23.februar 2023

Tema: Diakoni saman med dikt og musikk. S.F. Våge, Joh. Hjelland og Ø.L. Olafsen.

Korleis kan soknerådet fordela oppgåvene med omsyn til førebuing?

Sak 08-23 Årsmøte 19.mars 2023

Ok dato? Rekneskap, og årsmelding klar til då? Korleis publisera og gjennomføra årsmøtet? Invitera til kyrkjekaffi?

Sak 09-23 Ymse

***Neste soknerådsmøte onsdag 08.02.23 kl 19:00.**

*Ord til opning på neste møte:

Vel møtt til soknerådsmøte i kyrkja☺

Mvh Inger